



Kystsogegeveke-utstilling med Fitjar-kunstnar

KYSTSOGEVEKEUTSTILLAREN: Bjørg Lorentze Strømme er årets kystsogegevekeutstillar i Moster Amfi. I år stiller ho for første gong ut akrylmåleri. På veggen ser me her eitt av bileta i ein serie ho har kalla «Mosaikk» (Foto: Håvard Hammarstrøm)

Det er den allsidige kunstnaren Bjørg Lorentze Strømme som er årets kystsogegevekeutstillar i Moster Amfi. Denne gongen har ho med seg akrylmåleri, fotografi, akvarellar og collage.

Strømme hadde med seg heilt ferske bilete og mannen sin Karvel til Moster Amfi i mid-dagstider tysdag. Før opphen-ging og synging av bilete tok til vart det servert vikingsodd med nysteikte vaflar og kaffi til. Kunstnaren fortalde at ho hadde med seg i alt 58 bilete til kystsogegevekeutstillinga. Dei al-ler fleste er nye.

Røynd kunstnar

Strømme har fem års utdan-ning i forming frå Bergen og Stord, var lærar i formgjevings-fag og arbeidde 36 år i skulen. Når det gjeld kunstutdanning har ho gjennomført fleire kurs. Nokre av kursa vart halde av nokre av våre fremste akvarell-målarar.

Strømme har sjølv halde kurs, og har vore på studiereiser i ut-landet. I tillegg har ho stilt ut eigen kunst på ei rekkje utstil-lingar, både separatutstillingar og kollektivutstillingar. Ho er best kjent for akvarellmåleria sine, men har også arbeidd med lappeteknikk og ho designar og syr produkt i fiskeskin, lær og

nappaskinn. Årets utstilling i Moster Amfi er hennar fjerde i dette lokalet. Første utstilling ho hadde her var ei separatut-stilling i 2003. Sist tok ho del i ei kollektivutstilling i 2010.

Akryl og fotografi

Strømme fortel at ho alltid har vore glad i å fotografere. Ho har berre stilt ut fotografia sine ein gong tidlegare. Då laga ho til ei utandørsutstilling i Fitjar. Til kystsogegevekeutstillinga har ho med seg åtte fotografi trykte på aluminiumsplater. I tillegg har ho for første gong med seg akrylmåleri til ei utstilling, - 20 i talet. Dei som tek turen til Mos-ter Amfi i helga får såleis sjå ei heilt ny side av Fitjar-kunstna-ren.

– Eg prøvde meg med litt på akryl i 2005, men lukkast ikkje heilt med det. Eg har ei dotter som er dyktig akrylmålar, og i fjor var eg her på utstillinga til Per Flatøy. Då bestemte eg meg for at no skulle eg male akryl. Eg spurde Moster Amfi om høve til å ha utstilling her, og sidan balla det på seg, smiler Strømme.

Annleis uttrykk

Kunstnaren fortel at det å jobbe med akryl er noko heilt anna enn akvarell. I akvarellmåleri kan målinga og fargane flyte litt på lerretet. Slik er det ikkje med akryl. Her festar fargane seg til lerretet med ein gong. Til gjengjeld kan ein male i fleire lag og få ein annan tekstur og djupne i akrylmåleria. Det er to heilt ulike teknikkar.

– Det har vore mykje prøving, frustrasjon og aha-opplevingar. – Korleis blir det å stille ut

akrylmåleri for første gong?

– Det tek eg som det kjem. Eg er glad i fargane. Det blir spen-nande å stilla dei ut. Det er også veldig spennande å stille ut her i Moster Amfi. Det er eit fint og variert lokale med treveggar, kvit mur og fjell i Amfisalen. Det gir ei fin ramme, og det er så fint å kunne stille ut på ein historisk plass som Moster. Det gir ein tryggleik. Dessutan er damene her fantastisk kjekke, seier ho.

Gamle bruksbygningar, ter-ner, hjort, sjø og natur er stikk-ord for motiv som Strømme har forelska seg i. Til denne utstil-

linga har ho også med seg col-lage med akvarell, foto og fiske-skin. Bileta har ho teke av fisk på Akvariet i Bergen. Her er så-leis bilete med både fugl og fisk.

– Eg har sikkert tusen bilete av terner heime. Dei er elegante fuglar, og skrika deira minner om sommar.

Opning laurdag

Utstillinga opnar kommande laurdag. Det musikalske innsla-get er det Solveig Strømme og Øystein Skullerud som skal stå for. Solveig Strømme er dotter av Bjørg og Karvel Strømme. Ho er musikkutdanna ved Roga-

land Musikkonservatorium. Ho syng i Fyllingsdalskoret og har ulike solistoppdrag. Ho kjem til å syngje, medan Skullerud ak-kompagnerer på piano. Det er Inge Halstensen som skal stå for sjølve opninga. Utstillinga har fått namnet «Jeg ser».

– Du ser på biletet og biletet ser på deg, seier Strømme.

Håvard Hammarstrøm

havard.hammarstrom@bomlo-nytt.no



TRANSPORTHJELP: Mannen til Bjørg Strømme, Karvel, var til god hjelp då bileta skulle hengjast opp i Moster Amfi. Her er han i ferd med å bera inn. (Foto: Håvard Hammarstrøm)